

«Idrettsrådet er mitt fagråd»

Trond Ueland, kommunalsjef Førde
Innlegg på dialogmøte med idrettsråda

«Utan retning sprikar idretten – idrettsrådet er med å vise retning»

Sven Flo, ordførar Stryn
Innlegg på dialogmøte med idrettsråda



Nytt frå Idrettskrinsen nr. 7 – 2016



GRENSELAUS IDRETTS DAG

Laurdag 19. november inviterer vi for tredje året på rad til ein grenselaus idrettsdag i Førde. I år kjem symjaren Marcus Haus frå Eid symjeklubb og vil fortelje om si symjekarriere!

[Les meir om idrettsdagen her](#)

[Invitasjon](#)

Påmelding innan 10. november!

ÅRETS ELDSJEL

Kjenner du ei eldsjel eller kanskje fleire som utgjer ein forskjell i ditt idrettslag eller lokalmiljø? Nominer den du meiner fortener å bli hylla på Idrettsgallaen på Hamar.

Nominer fram til 30.oktober!

[Les meir om kriteria og nominering her](#)

«EIN GOD IDRETTSKOMMUNE»

Idrettsrådet er sentrale i arbeidet med å styrke idretten sin rolle og rammevilkår lokalt. Representantar frå styra i idrettsråda i fylket var samla på det årlege dialogmøte - ein god møteplass for pådrivarane for lokalidretten og gode idrettskommunar!

[Les meir om dialogmøtet her](#)



«ALLE MED»

Eit gratis verktøy som skal gjere det lettare for idrettslag å inkludere alle barn som ønskjer å delta i aktivitet uavhengig av familien sin økonomi. Det skal bidra til å bevisstgjere leiarar, trenarar og frivillige i idrettslag om kva som skal til for å skape eit inkluderande aktivitets-tilbod. allemed.no

«– Idretten har gitt meg meir enn det eg har gitt idretten»

Klar tale frå årets eldsjel på Idrettsgallaen 2016! Den unge eldsjela ønskjer å dele mange av sine gode grunnar for å engasjere seg i frivillig arbeid.

[Les meir om dei her](#)

«– Vi må bli flinkare til å sjå kvinnene i norsk idrett»

- Vi må ha trua på kvinnene. Dei leverer minst like godt som menn, og vi må bli flinkare til å sjå dei, spesielt dei unge. Det seier president i Norges Golf-forbund, Marit Wiig. [Les meir om kva ho og andre i idretten meiner om korleis engasjere fleire kvinner i idretten.](#)

Hugs å vidaresende til medlemmane i idrettslaget/idrettsrådet!

Sogn og Fjordane idrettskrins

www.idrettskrinsen.no

Tlf. 57 76 12 10

E-post: sogno fjordane@idrettsforbundet.no